



Øydelegg for bakkenettet

# Når vindturbinane går, får ikkje innbyggjarane i bygda sjå TV

*Etter at vindturbinane på Hennøy vindpark vart sett i drift, er det dei som avgjer når innbyggjarane i Berle i Bremanger får sjå TV.*



## NYHETER

▼ ANNONSE



## PUBLISERT:

22 JANUAR 2020 15:24

## SIST OPPDATERT:

22 JANUAR 2020 15:24

**Marianne S. Rotihaug**

47769804

marianne@fjt.no



– Dei som har RiksTV kan berre gløyme å sjå på fjernsyn. Dei har ikkje signal og biletet frys så lenge møllene er i gang, fortel Isak Berle.

Problema starta før jul då vindturbinane i Hennøy vindpark vart sett i drift. Nkom har vore i Berle og tatt målingar av signalstyrken. Dei kjem med følgande konklusjon «Hennøy vindkraftverk på Marafjellet forstyrrar TV-mottaket i Berle og i Sørgulen når vindmøllene roterer på grunn av varierende refleksjon i blada på vindturbinane.».

– Dei fleste her i bygda har RiksTV, men nokre har skifta til parabol, sidan dei ikkje har signal på bakkenettet, fortel Berle, som sjølv har kjøpt seg ein Apple-TV slik at han kan sjå på NRK sine kanalar.

– Eg sakna nyhendene. Ein får jo ikkje følgt med. Så no har eg kjøpt meg utstyr, så eg kan ta inn litt over nettet. Men det er jo ikkje slik ting skal fungere.

Berle har i samband med utbygginga av Bremangerlandet vindpark sett ei høyring frå Norges televisjon, som har driftinga av bakkenettet, at dei andre stader har sett at det kan vere eit problem med signalmottak i område der det står vindturbinar.

Grendelaget i Berle arbeider no opp mot RiksTV for å få dei til å ta saka vidare.

– Eg håpar det skjer noko. Dei må nok opp med ein stasjon for å forsterke signala, seier Berle og held fram:

– Det skal jo ikkje vere slik at vi blir nøydde til å gå over til betalings-TV når ein har eit bakkenett ein betalar for. Men no har vi ikkje noko val. Tidlegare kunne ein sette vekk fjernsynet og ikkje betale, men slik er det ikkje lenger.